The image shows the front cover of an old book. The cover is decorated with a marbled paper pattern, featuring a complex, organic, and somewhat cellular design in shades of black, white, and grey. The marbling is most prominent in the central area. In the center of the cover, there is a rectangular label with an octagonal border. The border consists of multiple thin, parallel lines. The label itself is a light, textured paper. On the label, the words "Dagbok för" are written on the top line and "Hultjärn 1841" is written on the bottom line, both in a cursive script. The spine of the book is visible on the left side, appearing dark and worn. The corners of the book are slightly frayed and show the underlying board material.

Dagbok för
Hultjärn 1841

CARL OLSEN

PAPIRHANDEL OG TRYKKERI


VED BESTILLING OPGIS:

Nr.

5998

TELF. 423037 - 425732

22. nov. 1957. - Feltpartiet startet
ca. kl. 12.30. Hocklin og og kørte
kvart vart hundespanne à 9 hunder,
og Grytøyr og Lunde kørte to
traktorar med fire sledar, - slide-
huset var på den eine. Det kunne
vel vera ca. 8 tonn på sledane alt
i alt. - Det var stort sett over-
skya der og litt vind den dagen,
men ikkje noko større kaldt. -
Starten gjekk vel så tolleg godt.
- Føret var mykje dårlegare enn
då Grytøyr, Hocklin og Lunde
hadde kørte to sledar ca. 96 km
auslør, noko dagar tidlegare.
Det måtte vera den høgere kumpen
naturen som hadde gjort snøen mykje
lause og føret dermed dårlegare.
- Vi kom berre ca. 20 km den
dagen. Kursen var ca. 100° rett ~~over~~
visande, eller 118° etter kompassen.




1 er synlig fra F (og omvendt).


23. nov. Skiftende vær. Fra
 morgenen var ganske fint, men
 utpå ettermiddagen toku snøbyger
 med dårlig sikt, og litt snøfok.
 Temperaturen var nok enda høyere
 den dagen, og føret var dårlig.
 Traktorane laga djupe spor, og
 sledane súbba ned på stundom.
 Om kvelden var været ganske godt.
 - Ved ~~over~~ overgangen ved sprekk-
 området vart det sett med eit tomfat.
~~3,5~~ km (?) lenger aust vart det sett
 opp eit anna tomfat og eit flagg
 ved sida av, flagg nr. 1. Dette
 tomfattet er synlig fra det
 fyrste tomfattet. - På grunn
 av det dårlege føret kom vi ikkje
 lenger den dagen - berre ca.
 22 km.

24. nov. Inøfyktje og dårleg
ver serleg frå morgonen av. Ville
ikkje prøva å starta for lomp.
var så høg og føret sikkest
dårleg. † 2,6 kl. 20.30.

^{-26.}
25. nov. Noko av det same riske-
veret frå morgonen. Varmt. Om
ettermiddagen og kvelden klårna
det opp og lomp. sig. - Om
kvelden gjorde vi oss i stand til
å køyra vidare, men traktorføret
var altfor dårleg. Traktorane
grov seg djupt ned, og også
under det var det blautt. Det
var såvidt ein traktor greidde å
dra ein slide, og måtte i
fyrstinga ha hjelp av den andre.
Føret var så mykje dårlegare enn
det vi hadde vori ute for tidlegare
under transporten her før. ~~Dårleg~~



- 2) 100 l dieselolje
 10 ks. stedeprøviant
 2 " hundepemikan 2 ks. hundepemikan
 1 " hermetisk frukt 20 ks. perer







^{-27.}
 26. Nov. Godt vær. = Vi gjorde ei ny
 prøve om kvelden med lanka på matt.
 kjøring, men det var framleis for
 blått.

^{-28.}
 27. Nov. Mykje overskye om dagen, men
 det blårna opp delvis om ettermiddagen
 og kvelden. - Vi starta om kvelden,
 men føret var framleis nok så tungt.
 Den eine haktorun måtte få hjelp
 for å koma fram det fyrste
 stykket, men seinare gjekk det så
 tolleg godt. Ved 2 var det
 sett ous eit depot og dessutan
 vart det lest noter omir på hundee-
 sledane så den eine haktorsleden
 vart ~~minst~~ 600 kg lettere, og
 det hjelpte. Vi kom berre til 3 d.v.s.
 12,5 km i alt den natta, men
 det nyttar ikkje å vera så stormigd
 heller nr. 3 er ein snøvarde som
 var bygd tidlegare.

^{-29.}
28. nov. Det blei nok så mykje om
dagen (vår og vakna av og til),
og det var vel stort sett overskyg.
- Prøvde om kvelden å kjøra vidare,
men sledane sokk ned og hengde seg
fast så det var uvåd å få dei
løuse om ein så tenka på traktoren.





^{-30.}
29. nov. Skyg og litt vind. Klårne
opp, og været vart bête om kvelden.
Temperaturun steig. - Grytoyr oppdaga
feil med den eine traktoren. Det
var mykje dieselolje i smøjedjua.
Ein ventile hadde hengt seg opp,
og feilen vart retta då om
natta. Det var kaldt om natta,
og vi hadde tullez komi fram
noku km om itkje feilen med
traktoren hadde vori.



-1. des.
30. nov. Skiftande skydecke. —

Körde om vatten ca. 21 km, men föret var också tungt, og på slutten ~~fyngde~~ vart det så blått at sledene hengde seg fast. — Vi kom ikke helt fram til snövarven 7.

-2.
1. des. Skya og noksa hög temp. Utpå morgonsida (2. des) klämma det opp, og veret vart fint, men vi ønske det var mykelaust å prøva å koma vidare den vatta. — Distulerte om det kunne vera lurt at ein fraktor reiste tilbake til stasjonen etter min dieselolje, for slik som föret er no går det veldig mykje bensolje ca. 35 l/mil. pr. fraktor.




kjørt over mange sprækker, og på grunn av at det kom skudd da, så smidde vi ettes i ha sett ned sledane. (vid 15).

^{-3.}
2. des. Fint vær og kaldt om natta. - Kjørdi til sledane som var sette med lidligare - ca. 23 km.


^{-4.}
3. des. Leste om sledane og sette med eit stort lager, serlig med hundemat. Resten omar vi å få med oss, men det kan verta vanskeleg nok. - Skya, godt vær.

^{-5.}
4. des. Skya, fint vær. - Prøvde å kjøra med alle sledane, men det var for blått. Dei sette med og hakkorane sette seg fast.

^{-6.}
5. des. Fint vær. - Kjørdi fire sledar vel 15 km austover. Gyltøyr og eg kjørdi så tilbake og henta resten medan Hochlin og Lunde kjørdi to sledar endå lengre aust. Dei kom berre 6 km. Dei hadde då



^{-7.}
6. des. Kjørdte fyrst til 15 des
 der to sledane stod. For skuld
 alle sprukane som var der, tok
 vi ein rekognoseringsstør med
 bæl hundespanna (om lag til
 16). Det var temmeleg mange
 sprukkar der òg, men dei vi såg
 noverre på var maksimum 70-80 cm
 breie. Alle hadde snøbinder over,
 kjørdte tilbake til braktrane, og
 starta så med alt. Føret var så
 godt at braktrane klara å
 dra alle sledane, og det er godt
 å sleppa slik etappekjøring.
 Same stady var det noko blått,
 og det var vanskeleg å koma
 fram, men det gjekk. Lunde
 kjørdte over ein sprukke der snø-
 bina datt ned, men han var
 ikkje bevare om at braktrane kom
 seg godt over. - Tint over.



Snøvarden ved 16 synes fra
17 (utan bikkert).

-8.
F. des. Diffust og vanskelig lys
hidley om kvelden så vi måtte vente
litt med starten. Det ville vera
farleg å køyva i dette sprekk-
området med det lyset. Seinare
vart det betre, og vi starta, men
det gjekk seint for skuld alle
sprekkane. Snart var vi oppe i
eit område med mange sprekkar,
og snøbrønnene var ikkje sterke
nok til å bera traktorane. Vi
sendte som regel traktorane ^{utan friser} ~~over~~
dei breiaste sprekkane som var
over 1 m breie. På den andre
sida stod ein mann og sok
imot traktoren. Det gjekk
godt, og dei sette seg ikkje fast
jamvel om dei reis mykje med
sine snøbrøna brast. Seinare
måtte så sledane dragast over
med vinsj. Vi kom berre vel 7 km
den natta.

3/4 fat dieselolje
4 kg hündypem
1 " sledproviant

(20) 130° (21) 135° (22) 132° (23) 130° (24)
 17 5,4 18 4,9 19 4,9 20 5,2 21

Snövarde ved 20 synlig fra 21.

Lag 4
 (24) 135° (25) 145° (26) 150° (27) 120° (28) 125° (29)
 21 5,1 22 4,9 23 5,3 24 5,2 25 5,3 26

Snövarde ved 25 synlig fra 26

Lag 9, 12.

^{-9.}
8. des. Godt vær. F 2-3-tida om
natta kom skodda og vi tok ei
matkild. Seinare var det fint
att. - Säg ikkje sprekkar den
natta. Køy rde ca. 2,2 km.

^{-10.}
9. des. Godt vær. - Køy rde ca 2,3 km.
- Vi set opp flåss ^{med minimum 4 pt} for kvar punkt
km, snövardar for kvar 25 km og
legg ned depp for kvar 50 km på lag.
Snövardane var ca. 1,5 x 1,5 m
grünnplate og 2 ca 2-2,5 m
høge.

^{-11.}
10. des. ~~Kuling~~ Frisk bris. - Trödde
ä köyra om kvelden, men temperaturen
var for hög og fört for dårleg. -
Om natta var det kuling og snöfök.

^{-12.}
11. des. Kuling og snöfökyja.

^{-13.}
12. des. Kuling og snøføykje.

^{-14.}
13. des. Stort sett godt vær. - Gaor fram alt og gjorde oss i stand til reise. Det låg store skardar rundt sledane så det tok ei tid å få alt "fram i dagen". - Ei prøvekjøring med traktorane viste at føret var for dårleg. Det hadde komi nokk nysne og nokkå store snøskardar.

^{-15.}
14. des. Fint vær, men ei prøve kjøring om kvelden gav som resultat at føret var svært dårleg. Traktorane greidde ikkje å dra to sledar kvar. Lenge etter midnatt vart føret betre, og vi kjøyrde til 28 (11,6 km). Vi kjøyrde berre to og to sledar så det vart litt brivending.

(29)	170°	(30)	175°	(31)
26	5,5	27	6,1	28

15.12.

	1750	(32)	1610	(33)	
28	4,4	29	4,7	30	16.12.

30/ 3/4 fat diesolje
 4 ks kinnepenn
 1 " slideproiant
 20 l parafin

og eg tok ein rekognoseringsstev til
 fots. Vi gjekk i lang og hadde
 i alle tider litt orsa fram, og så vi fekk
 med oss jo of. ^{letta} nokre leiting
 fant vi ei rute som vi meinte
 skulle vera trygg. Vi kom berre ca.
 4 km med sledene den ^{netta} ~~dag~~, men
 det var nokk sking, og på dei
 brattaste stadene kom hakbrane fram
 med berre ein slede om gongen. Den
 morgonen auka vinden på nytt og vi fekk
 ritt små som med bår.

^{-16.}
 15. des. Fint vær. - Kjørde 9 km,
 men berre med to sleder om gongen.
 Kom til overgangen mellom shelfis
 og "fastland". Det var nokk mange
 sprekkar der, men dei var berre 2-3 cm
 breie. Stundom bildra det var isen
 sprakk (?). (Tidspat). - Nivelerte
 (tachymeter) ei ca. 3 km lang
 line tvers på overgangen til fast-
 landet. - Bygde ein snøvare og
 la ut depot.

^{-17.}
 16. des. Kl. 11.30. var temperaturen +3,2°
 Seinare på dagen auka vinden til
 kuling. - Bygja på oppstigninga om
 kvelden, men vi kom ikkje langt før
 vi møtte nokk mange sprekkar som
 var i breiaste laget for hakbrane. Det
 vles ein del, og det var skya. Få
 komkastar i snøoverflata så sprekkane
 var vanskeleg å sjå. Gyttegr, Lunde


17.^{-18.} des. Snöfågla og rüskever, med
därley sikl. I 2-3 lida (18. des) vart,
det litt lettare med bette sikl, men
vanskeleg bakkeljos. - Grytögr, Hochly
og Lunde rekognoserte eit stykke
oppover frå legerplassen, og etts
å ha komi tilbake ^(ca. 03.30) starta Lunde
med fraktoren ommed ein plede
best, men han hadde ikkje komi
meir enn eit par hundre meter for
fraktoren seig ned i ein sprekk.
Han hadde høyrt mest rett på
sprekken og snöbua under venstre
belle var stort sett stort nok til
å halda oppe fraktoren, men under
högge bellet, seig bua ned og
fraktoren vreid seg over mot högre
og vart liggjande temmelig nær på
langs av sprekkem. ^{framyndig av} venstre bellet.
hekk på ~~de~~ övre kanten av sprekkem,
medan övre delen av ^{högre} styrehuset ^{side} låg

mot nedre kanten av sprutken, og
fælt med dieselolje som var fest
på eit ~~stake~~^{rymme} framfor motorkassa
lag mot snøbena. Det var kalis
væddig stor "slagside" på haktoen,
og sjansen for å berga hann var
nok så liten. Lunde (som kjoede
haktoen) fekk ingen skade, men
vart vel fureg (som rimelig kan
vera) redd etterpå. - Sprutken
var irad å sjå då hann høyrde
i hann. Vi visste det var sprutte
rett fram i den gamle krusen,
men hann svinga omkyje til høgre
i samvar med rekognoseringa.
Sprutken kunne vel vera ca. 2½ m
bui bopp, men vart breiare
lenger nede, og sume stader var
hann temmelig djup om ikkje
nett der hann høyrde over. - Vi
drøfta ymse tøyningar med tankar


på å berga haktoen, m. a. å
fylla godt med snø i sprutken,
og vi prøvde også på det litt,
men sprutken var nok for stor.
Gnyttig høyrde til snø med den
andre haktoen som har skjær,
men det mænn lite. Det var
dessutan berre eit lunt lag snø
på den harde blå "isen"
rundes som skjær ikkje kunne
skjona med i.

-19.
18. des. Solskin, men for det meste
ein del vind med lågt bakkefok.
- Nye måtar å berga haktoen på
vart drøfta, m. a. å jikka hann opp
ved anden styrehuset lag ned på,
og så brika vinga på den andre
haktoen. Vi saga av det beltet
som heldt i lause lætta og prøvde
jikkane, men styrehuset var for uikl.


Etter kvart som det var gravd
 mer rundt traktoren, og vi
 fikk sjå kor lite tak det var på
 hæl sidv, og kor buri sprekkene
 var lenger ned, var det heilt
 tydelig at det ikkje let seg
 gjera å få opp traktoren med
 dei hjelpemidlene vi hadde. Etter
 eit par små prøver, gav vi det
 opp som umogleg. Det synes
 at ikkje vinsjene er så gode og
 sterke som dei skulle vera. Med
 ei god vinsj ville det nok ha
 vori mogleg å draa traktoren
 opp.



^{-20.}
 19. des. Fint vær, litt vind. -
 Mitta lesa på to av sledane
 (dei med oljefat på). Sagen før
 hadde vi lest av med tanke på
 å bruka tom sledane under prøve
 med å berga traktoren. - Kjøyde
 to og to sledar 2, 3 km lenger
 sørover. Feste laing til ^{styre} spakane
 på traktoren og eit snøre til
 stoppeknappen. Gnytoyr gjekk
 leik traktoren ellers sat på fyrste
 sleden og kjøyde nett som med
 ein hest.




^{-21.}
 20. des. Fint vær. Løste om to
 av sledane og føde oss til hunde-
 sledane ganske onyktige last. - I
 fyrstninga greidde traktoren
 å draaga berre to sledar om-
 gongen, men om ei stund gjekk
 det godt med tre. Møtte mye
 breie sprekkar i kursen vår og
 måtte svinga mot aust. Kjørde
 onyktige med "taimvar" på traktoren.
 Det var også test på den tidlegare
 mest tomme hundesleden og
 Hoehlin kjørde atturde med
 den vesle (halve) sleden og henta
 sleden med lass på. Samstundes
 vart dei tre andre sledane
 henta med traktoren. - Kjørde
 ca. 3 km.




Nært opptil skråning på vest-
sida.

^{-22.}
21. des. Fint vær. - Kjørede
fyrst 5,9 km med tre sledar,
smidde sei og henta dei tre
andre som var kjørede enda
3,5 km lenger (altså 9,4 km).
Hochlin smidde is og henta den
andre hundesleden medan eg
kjørede 2,4 km fram og sette
opp ei merkestang. - Det
har lagt seg mykje is under
sledemeiaren i det siste så dei
må no skrapast med kniv for
start om hielden og det tok litt
tid.



-23.

22. des. Fint ve. — Kjørede tre sledar (m. a. sledehuset) ca. 4 km dit dei tre andre sledane var sette med dagur før. Kjøring i dag gammall spor. mykje lette enn utanfor. Kjørede på dei tre andre sledane ca. 10 km vidare og så tilbake til sledehuset. Gystøyr kjøper traktor, og brukar mykje tømmer på styrespakane. Lunde hjelper til når han står fast og går som regel føre traktoren på eitvike etter sprekkar. — Eg kjørede til 34 og sette opp flagg.



23.-24. des. Fint vær. - Kjørede sledehund
 og to andre sledar fram til staden
 dei andre sledane var kjørede dagar
 før. Kjørede så dei sledane ca.
 10 km vidare og retturste med
 traktoren. Hoehlen kjørede og sin
 hundelede dit. - Hundane har
 vore i dårleg form i lang tid. Det
 kan kanskje vera for di det er bære
 mattekjøring.

○	152°	(39)	180°	(40)	198°	(41)
35	4,0	36	2,5	37	6,0	38

Lager 25.12

24. - 25. des. Fint vær - skælende
 sol, men iin liten kald bakke om
 natta. Om morgonen ^(25.) auka vinden
 litt, og vi felle litt bakkefok. -
 Grytøyrs laga risgrøut om kvelden
 medan Hochlin hadde radiokontakt
 med Norway Station. NS kom på
 telefoni, - Svinggund og Tønnesen
 kala, men vi var for vike på vi
 måtte bruke telegrafi. - Køyrede fyrst
 sledehuset og to andre sledar dit
 dei tre sledane var sette med dagen
 før. Vidare var det ^{store} motbakke så
 traktorin greidde berre to sledar
 om gangen. - Vidare var det køyrt
 tre sledar 5,5 km sørover. - Om
 morgonen sleikte Grytøyrs og Hochlin
 pomekaker og fleite, iin boks med
 hemmetisk frukt etterpå. - Ein av
 Hochlins hundar er sjuk og
 må køyrest

192° (42)
 38 4.3
 39 ~~4.3~~ Dept

39) 4 ks. håndepennmark
 1 " sledeproviant
 $\frac{3}{4}$ (?) fat dieselolje

192° (43)
 39 7.5 40

ca. 40 stk.
 Ein stor fugleflokk (hvide og grå-
 svarte). Såg ein skiamikke.
 Var ikkje merk.

25.-26. des. Fint ves, skiftande
 skydekke, molar skodd skindom. -
 Flytte lægerut til 39, altså 5,5 km.
 Tre sledar vart køyde 7,5 km
 lenger. På tilbaketuren etter dette
 måtte dei (Gyftøyr og Lunde)
 skindom køyra i bedje gir utan
 sledar så føreb H dårley. Elles
 har traktoren køyrt seg ofte fast
 i det siste.

26.-27. des. Skodd om natta. Betre
 siket utpøi morgonen. - Køyde til
 40, d.v.s. 7,5 km med sledetrussel
 og to sledar til. Tett skodd heile
 tida. - Køyde dei tre andre
 sledane 8,7 km siverov. ^{x)} - - Fø
 start hadde vi som vanleg kontakt
 med Norway Station til 20.30, og
 vi fekk gjeve på at Tottan hadde komi
 dagen før og var låg ved barrieren.
^{x)} Se dårley føre at mykje av tilbaketuren
 måtte køyrast på bedje gir.

	192°	(44)	192°	(45)
○	5,0	41	3,7	42
40				

28.12.

27.-28. des. Fint vær, skya. Skindom med varokulely bakkelys. Ei lita snø. bygde om morgonen. - Flykte lagret 8,7 km til 42. Kjørede tre sledar vidare km. Døylet før.

28.-29. des. Skya, godt vær. (skiftande skydekke). - Kjørede sledetuset (og to andre sledar) 5,7 km til 43. Kjørede dei andre sledane 5,9 km derifra. - Tøttam siste midnatt.

29.-30. des. Skiftande skydekke, godt vær. - Flykte til 44, 5,9 km. og kjørede dei andre sledane 7,2 km vidare. Dei to tyngste hundesledane vart letta med vel 100 kg kvar, og eg kjørede no ein ^{av} dei 7,2 km så Høchbliss hundar fekk hvila litt. - Slo ihel Bitti som har vori sjuk i mange dagar - Fin telefonkontakt med stasjonen dei siste dagane. Kl. 20.30.

	184°	(46)
○	5,7	43
42		

29.12.

	180°	198°	(47)
○	1,7	4,2	44
43			

30.12.

Sag ein skiamåke. Fikkje merkt.

1980
44 6.2 45 1 31.12.

30.-31. des. Stort sett overskyet og grøtt langt uteltes matte, seinare nok skedd, klærna så delvis opp. Om morgonen auka vinden, og vi fekk nok snøfok. - Flytte laget 7,2 km. Kjørdi dei andre sledane 8,1 km. ^{til 47.} Det har vori nok så mykje vinsjing i det siste. Det kan vera 30-40 fastkjøringer på 5-6 km. Stundom må traktorane "gravast opp" med spade. Sledane må vinsjast opp fleire kilometerlange bakkar. så det tek lang tid å koma fram nokre kilometer. - Eg kjørdi fram iin hunderlede. Dei siste dagane har stort sett alle hundane vori med å dra.

	206°	(49)	206°	(50)	206°	(51)
45	4,3	46	3,8	47	4,4	48

1.1.58.

Temperatur

31. des. 1957 - 1. jan. 1958. - Skya stort sett godt vær. - Starta ikkje før etter midnatt. - Flytte legeret 11,5 km til 48. Dei andre sledene ved 47 vart ikkje køyrde.

1.-2. jan. Stort sett overskya, grått vær. - Køyrde tre sledar frå 47 til 49, 9,9 km. - Hochlin køyrde hundesledene frå 47 til 48 medan eg køyrde han vidare ca. 6 km - Legeret det same som dagen før.

2.-3. jan. Snøføykje. - Gjorde oss i stand til å køyra vidare men fekk litt kluss med traktoren. Videre auka på etter midnatt og snøføykja vart så tett at vi slo oss til ro.

3.-4. jan. Snøføykja.

○	206°	(52)
48	5.5	49

Mager hadde han vori hille viferen.

mätte slå ihel Nigger som hadde vordt i hogue kalfoten og dessutan så mager og slagg at han meinte det ikkje var nok

4.-5. jan. Vinden stlma då det leid langt på kvelden. Flytte lagret for 48 til 49, 5.5 km. - Om ^{og förmiddagen} morgnen anka vinden att - til kuling med snøføykje.

5.-6. jan. Nokre mindre vind tidleg om kvelden, men det var for kaldt til at traktoren ville starta utan oppvarming ($\div 15^{\circ}\text{C}$), og så bles det for mykje til at lodde-lampa til å varma motoren med ville brenna. Seinare om natta og om förmiddagen opp i stiv eller sterk kuling.

7. jan. Etter midnatt var vinden ~~st~~ sterk nok til ^{at} loddelampa ikkje ville brenna. Seinare fint vær. - Fikk starta traktoren og høyrde ke sledar vel 10 km ^{til 51.} - Hoehlin a ho. (Gikk over til daylogging.)

0	200°	□	200	(53)	200	(54)	
49	2,6	50	2,3	51	5,2	52	2,8
							8.1.58

50/ 4 ks. hundeponnikan
 1 " sledeproviant
 70-80 l diesdølje

8. jan Fint vær på morgonen.
 La med depot ved 50. Kaga
 alt i stand til å taka ein observasjon
 (hvangtelling) derifrå, men så kom
 det skudd på fjella og snøfok
 frå aust så det gjekk ikkje. -
 Kjøpte sledehjul og to andre sleder
 ca. 13 km. Som vanleg mange
 fætkjøringar og mykje vinsjing.
 Vinsjen har vori dårleg det siste.
 - Blanding av sol, snøfok og
 skudd frå middag.

	206	(55)	200?	(56)
0	+	53	54	
52	4,9	53	5,0?	54

sprekke 9.1.58

9. jan. Skiftende skydekke, fint
 vær. I middagslida var det
 stillt og varmt, ekstra fint.
 Lilles blev det gjerne litt. -
 Flytte lagerut ca 7 km til 54.
 Møtte ein sprekk i middagslida
 og måtte ~~sein~~ køyra litt tilbake
 og svinga mykje austover. Kjørde
 då berre med to sledar og brukta
 tauvar på spakane. Møtte
 stoppa litt tidleg for skuld
 diffust lys. Då Hrechlin kjøyrde
 tilbake etter den tredje sleden,
 måtte han brukta andre gir.

10. jan Kuling og storm, kanskje
 med orkanbyer. Litt lettare vær
 om kvelden.

11. jan. Kuling.

12. jan. Frisk bris - kuling.

13. jan. Frisk bris med snøfok
om förmiddagen. Starta traktoren
som var full av snö (i motoren).
~~Var~~ ~~första~~ Grytön og eg reiste
med traktoren og Hochlin med
hundespann for å henta dei
andre sledane, men traktorføret
var så dårlig at vi snudde ^{ut} ~~til~~ ^{til} ~~til~~
Traktoren gjekk tungt på andre
gir, og på tilbaketuren høyrd
han seg fast, ~~hvor~~ han ikkje
har gjort tidlegare. Det var
svært diffusert lys så det gamle
sporet var utad å sjå. Dessuten
lykkes det til i sør. — ~~D~~
Sinnare om ettermiddagen og
sveldur klørna det opp, men det
blev ein del, - lægt bakkefok.

14. jan. Skiftende skydekke, folleg
godt vær. - Tilbake til 52 etter
sledar. Eg kjøpte med hunderar
og henta inn hundeslede. Grytøy
og Hoehlin kjøpte traktor. Dei
kom ikkje langt med alle sledane
så dei sette ned to og kjøpte
berre inn til laget.

15. jan. Litt snøok ^{fremiddag} -
seinare ganske fint (og ^{part sett} klart).
Grytøy og Lunde kjøpte tilbake
etter dei to sledane ^{etterpå} og ^{kjøpte} Hoehlin
og eg kjøpte inn slede mest
inn til næraste fjellkatten.
Eg gjekk for traktoren, og Hoehlin
kjøpte med "pauvar". Det kunne
kanstje vera fare for sprekbar. -
Vi gjekk opp på fjellkatten for
moro skyld. Like nord for denne
ligger to små fjell. ~~høyt opp~~
~~inn i skje~~ kan sjå av bilde frå NBSX.

Godd vet. -

16. jan. Kjørede sledet huset og inn
slide til fyrste fjellkvatten. Kjørede
også sleden Hochlin og eg kjørede
dagen før, heilt inn. - Her skal
hovuddepotet vera og sledane
vart lunde, og det vart last
med mange suralager, greit
sortert.

17. jan. Fint vet. om dagen, om
kvelden tok det til å blåsa litt.
Henta resten av lasta og la
alt ned i depot. Snytoyr og
Hochlin kjørede haktann, og
eg henta inn slide med hunde-
spannet. Lunde på dei
maraste fjellkvattane og såg
på bergartane. Samla også
moss og lav.

Hochlin fikk no den sine av
hvelpane - Pekunio. →

18. jan. Ein rektig fin dag, varmt
og godt. - Gjorde oss i sland til
å reisa av garde med hundespann.
~~Fikk~~ Tok med utrusting for
tre uker. - Prins har vori
dårleg i det siste og han vart
avlira.

19. jan. Reiste alle fire med bår
hundespanna. Lunde tok mitt
spann. Han og Gnytoyr skal
arbeida ilag, og Hochlin og eg.
Fyrste målet er å nå toppen av
Gniberfjellet og vi reiser vestover.
Kjørde ca. 17 km og slo da
opp telta ^(på vestsida av Gniberfjellet) for fyrste gang sidan
slarten i november. Stort sett
is dei siste 6-7 km og isen held
på vidare sørover. Det blirde ha
vori fint skiseføre. - Skiftande
skydekke, sei og omor snøbye og
mør skudd i sør. - Skua og snø.
petreller.

20. jan. Stille, for det meste
overskyet. Skedd i nord. - Motte
lange mollekkear søover mellom
Gruber. og Mayrfjella og måtte
hjelpa til med å skiva på sleden.
Det vart for tungt for hündane
køyde berre ut 6 km.

21. jan. Ein framifrå fin dag. -
Ekk sterkare skigging utpå dagen,
og vi måtte lesa av og taka
lasta i to vendingar. Mätte
skiva og draaga sleden mest
heile dagen. Det er tungt å
vera hünd. Slo opp telta på
nordsida av fjellet 2190 m høgt.
Feg var opp på toppen dess, men
det var ikkje så godt utsyn som
eg hadde tenkt. - Amor har
vori sjuk nokon lunge, kastar opp
rett som det er. Giv to siste dagar

har han ikkje svaka mat. Vert
han ikkje svart betre, må vel han
og arlivast. Det vert i tilfelle
hünd nr. 4. - Grytøyr er snø-
blind og må tviley halda seg
i 20 norske dagar. Anjo sier, og
han verkjer i bakhovudet. -
Linde har samverk serleg om
utthine.

22. jan. Overskyet om morgonen og
mørkt i aust, ellers god sikt. Reiste
med instrument på toppen 2190, men
straks etter kom det bjersker frå aust
så vi måtte køyra tilbake til telta. Litt
snø reinare på dagen. - Linde
geologiserer. - Grytøyr betre i anjo.

23. jan. Dårleg sikt om morgonen
men det vart beke og beke etter-
kvart så ein kann seia det var
ein fin dag. - Tok nokre obs.
med QHM på 2190 og nokre
orange horisontalvinklar både til
Roers punkt og andre nye. Vart
ikkje ferdige med observasjonane.
- Lunde var ein tur nordover med
hundespenn og såg på fjell-
grünnen der.

24. jan. Godt ver. - Tok nokre
observasjonar på 2471, men det
tok lang tid å finna alle punkta
att på flybiletta. Dessutan var
det så mange punkt å sikta
på at vi vart ikkje på langt
nær ferdige. Alt no er det kaldt
å stå med instrumntet, men det vart
sjòlòsagt verre. Det er serleg

hurdere det går ut over. Vi har
i grünen ikkje nokre ^{både} som er varmt
nok og kann mytast under observasjon.
- Grytøy og Lunde flytte sitt
lager bortover mot Gruberfjellet.

25. jan. Skiftande ver. Om morgonen
~~stort sett~~ overskyt, tett i aust. Klarna
opp seinare, og vi fekk fint observasjon
ver på 2190, men om kvelden kom
det skudd og snølyer så vi måtte
slutta for vi var ferdige.

26. jan. Skiftande ver. Om morgonen dis
og skudd. Klarna opp seinare, og vi
gjorde oss i det slove og heile ferdige
med ^{dei fine} observasjonane på 2190. Skudd ^{til} til
kvelden, men det klarna opp òg så vi
vart ferdige. - Lunde og Grytøy
kom tilbake og kjørde med i dalen mellom
Magerfj. og Gruberfj.

27. jan. Fint vær. - Flytte lagert på nordsida av 2471 på Grøther. fjellet. - Om kvelden ville ingen av hundane eta mat av spekk-slykket sitt. Kveldane før har det vori berre to- tre-fire som har eti opp rasjonen med same. No ser det ut til at dei er mette.

28. jan. Fint vær til midt på dagen, men så ~~blev~~ vart det dårleg sikt, skudd i høyda. Om kvelden snøa det. - Observerte på 2471, men vart ikkje på langt nær ferdige. Vanta lunge på toppen og tenkte det skulle litt, men måtte gjera opp. - Hundane fekk ikkje mat om kvelden. Dei var vissl ikkje det minste svoltne.

29. jan. Stort sett overskya vær med dårleg sikt. Noko snø om ettermiddagen og kvelden.

30. jan. Overskya, skudd, snø. - Observasjonar med BMZ på 2190.

Storm

31. jan. Kuling og snøføykje heile dagen. Grytøyr seier det var 50-55 knote i vindkast.

1. febr. Vindur spakna om førmiddag og det klårna opp og vart fint. Litt vind var det forresten om ettermiddagen og. - Notere observasjonar frå 2471. Det er vanskeleg å halda greie på alle toppane, og mange er vanskeleg å finna att på flybilet.

2. febr. Fint ver. - Observerte
ferdig på 2471. Var på toppen
helt til midnatt, og det var
ikke nok særlig kaldt. En
fin observasjonsdag.

3. febr. Skiftende skydekke, litt
vind, kaldere. - Observerte litt
på Gruberfjellet. - Fleire
fugleflokker på 10-15 stk kransa
over toppen, både snøpetrellar
og dei som er gråsvarte og kvite.

4. febr. Vind, skedd, litt snø före
middag. Sindre blåna det opp
og vart rklig fint. - Henta
litt proviant i eit lager ved
2190.

5.-6. febr. Fint ver. - Observerte
på Gruberfjellet. Var der hele
natta til om morgonen 6. febr. - Store
fugleflokker.

7. febr. Fint ver. - Reiste tilbake
til sledetuiset. Lunde og Grytöyr
hadde komi tidlegare om dagen.

8. febr. Fint ver. - Gjorde oss i
stand til å reisa austover med
krakker.

9. febr. Fint ver. - Magneliske
observasjonar og noko brig. obs.
frå hovuddepotet. - Tokka meir
for luren austover. - Rex lag
dand om morgonen. Han hadde vori
sjuk dei siste
dager

10. febr. Fint ver. - Reiste austover.
Mette ~~sunn~~^{drøka} nok i fyrstinga
for skuld sprakkar, men sindre
var det ganske slitt og fint.
Temp. kl. 21: \pm 27,6. Om natta

minimumstemperaturen $\div 32^{\circ}$. -
Har med sledehus og proviant
og utstyr for to mánader. -
Kjórde ca. 13 km. Félje fast-
køyningar.

11. febr. ~~Slettet~~ Fint vær. -
Kjórde ca. 20 km vidare
austover til eit punkt ca. 3 km
sør for H'-677. Lunde og eg
ein liten rekognoseringsklar
mord til det høgere fjellet
mordanfor H'-677 der eg
gjernu ville ha observasjonar
frå. Det såg ut til å vera
vanskelig å koma opp på det.

12. febr. Skya, fint vær. -
Prøvde å koma på det høge fjellet
mordanfor oss, men vi smidde
då vi kom på ^{den nord-sør gående} ryggen. ~~mordanfor~~ vi
7 kikket såg det ut til å vera

tummeleg problematisk å kausje
umogelig - å koma på toppen.
Tok nokre observasjonar frå H'.
- Lunde og Eufroyr var sør^{aust}over.
Dei fann eit julefjell - ca. 20
rei til snøpetterer. Mange
ungar var døde. Dei hadde
kila seg fast i sprekkar.

13. febr. Fint vær. - Observerte
frå H'. Tok barometeravlesingar
på toppen både då og dagen før.

14. febr. Fint vær, mesteparten av
dagen. Om kvelden skya det over,
og det tok til å blåsa litt. -
Reiste vidare austover, ca. 10 km,
og stoppa på austsida av fjellet
lengt nord på Tafel 23 i bok
om tysk ekspedisjon. - Ein liten
rekognoseringsklar på toppen om

ettermiddagen. Nokså bratt
sine steder.

15. febr. Skyg, fint ver. - Observerte
fra toppen ved sida av oss.

16. febr. Fint ver. - Reiste ca.
17 km vidare austover til ein
stad ca. 2 km sør for A-678.
Vi møtte nokre sprekkar der.

17. febr. Fint ver. - Observerte
fra A-678, men vart ikkje
ferdige. - Lunde grov ei
sjakt i snøen for å finne
årsmiddeltemperaturss.

18. febr. Skyg godt ver før midday.
Svarare tok det til å blåsa inn
frisk bris, og på toppen av A-678
fekk vi ganske sterke vindkast

som hindra observasjonane.
Tok med kikketen og venta ei
stund på at vinden skulle
stilla, men nei. Gjorde oss
ferdige trass i vinden.

19. febr. Skyg, litt sør vind fra
morgonen, men seinare skift og
mildt. - Kjøyde 6-7 km. ~~til~~
til eit punkt nokre hundre meter
sør for D-677. Flere fasthøyninger
i ^{nytt} skavlar etter siste vinden. Bygde
ein liten varde på høgaste punkt ^{for D-677}
20. febr. For dårleg sikt til obs..

Tanken var å observera anten fra
D-677 eller A-663, men sidan ^{sikten} ~~var~~
ikkje var godt nok, reiste vi
vidare 16 km austover. Det var
mildt og godt om dagen. Om
ettermiddagen vart det svært
dårleg sikt så vi måtte stoppa

lidligere enn planlagt. Litt
snø om kvelden.

21. febr. Fint vær, snø, dårlig
sikt.

22. febr. Reiste til ~~marste~~ toppen
nordanfor oss, (Der som er så
mykje sprekkar på sørsida.) for
å observere, men vinden var så
vart så sterk at vi ikkje prøvde på
obs. i fjestvinga. Etter 2-3 timar
ventetid stilna det mykje, og vi
fekk ~~2-3~~ 2-3 timar godt observa-
sjoner. Så tok det til å blise
ratt, og då det ikkje stilna etter
my ventetid, reiste vi tilbake til
sledehuset som låg ca. 7 km
sør for obs. plasser. Vart ikkje
ferdige med observasjonane.

Fint vær. -

23. febr. Reiste vidare austover
med faktoren, ca. 8,5 km, ~~og~~
stoppa like sørvest for
- Observerte frå

24. febr. Fint vær, kald vind. -
Reiste oss ut for selvtår. ^{Prosjekt for 10 d.} ~~Lunde~~
og Gnytoyr reiste søraust ^{aust} for inn.
a. å setja opp plakar på breene.
- Arochlis og eg reiste til obs. =
plassen ^{22. febr} der vi ikkje var ferdige.

25. febr. Fint vær. - Observerte
frå "Sprekketoppen", og reiste
etterpå 9 km NNO(?) på veg til
eit lite fjell som ligg nokså
langt nord.

26. febr. Fint vær. - Kjøade til
fjellet, 15 km. Om kvelden på
fjellet, men observerte ikkje då. Eg

hadde venta å sjå mange nye
toppar å søraust, men fjellet
er for lågt. Snøryggar slengjer.

27. febr. Fint ver, litt vind, -
Observerte frå fjellet vi kom
til dagen før. Gurt og kaldt
på toppen.

28. febr. Fint ver. - Ca. 8 km sør for
siste observasjonsplassen såg ein flåse
nye toppar å søraust, og eg tok
nokre observasjonar på snøen. -
Kjynde så til ein liten topp ca.
7-8 km lenger sør for å ta nokre nye
observasjonar der, men toppen var
for låg og ein snørygg å aust for
kjygd til å sjå nokre av dei nye
derifrå. Tok derfor ikkje observasjonar
der. - Kjynde så til sledehuset,
alt å alt den dagen 28 km.

Snørygg og Lunde hadde nett komi
attende frå turen søraustover.

1. mars. Fint ver føremiddag, kaldt.
Tok opp suringane på sleden, og
sette med nokre dei ikkje ville
verta bruk for lenger aust. Då
vi skulle starta om ettermiddagen,
var det dårleg sikt, og det snøa
litt. Vi kjynde 7-8 km austover
på svært skovlet og uslett føre
til siddet var så dårleg at vi
ikkje kunne kjynda lenger for skudd
sprukkefarem. Radioen vart
sett på om kvelden for å få
degruett frå Oslo, Alt var å
orden å fyrstvinga, men på
daudda han brøtt, og det var
seinare ikkje råd å få liv å
han sett.

2. mars. Frisk bris - liten kuling
med litt snö.

3. mars. Liten kuling, snö.

4. mars. Liten kuling, litt spakning
om eftermiddagen. Därley sikt.

5. mars. Skedd, snö. Skiffhandel
bris föppte till liten kuling. Minimum
sikt om dagen, lite om kvelden.

6. mars. Solgyltt, mer i aust.
Lite vind om förmiddagen, om
eftermiddagen överskydd liten
kuling. - Ca. $\pm 9^{\circ}\text{C}$.

7. mars. Någon solgyltt, lite
bris om förmiddagen. Snö,
frisk bris till liten kuling om
eftermiddagen.

8. mars. Överskydd, frisk bris till
liten kuling. Snö förmiddag.

9. mars. Stort sett klart. Liten
kuling. Dagtemp. ca. $\pm 15^{\circ}\text{C}$.

10. mars. Klart. Frisk bris - liten
kuling.

11. mars. Klart. Kulingbrygger före-
middag. Spakning i middagstida.
Ny vindankning om kvelden. -
Grov fram händledane.

12. mars. Fint ver klart. - Köy rde
vel 20 km austover. Det tok nok så
lang tid å færa opp traktoren om
morgonen. - Minimumslump. 12.-13.
mars $\pm 35,3^{\circ}\text{C}$.

13. mars. Klart, fint ver. Observerte
på snöen eit skykke nordvest for

stedet huseb. Temperaturen $+22-24^{\circ}\text{C}$
under observasjonene, men vi
fåes mindre då enn dei fleste
lidligere observasjonsdagene.

14. mars. Fint ver. - Kjørde 12 km
auslover. Mätte høyra litt søvttor
med same for stuld sprukkar.
I ein morka bratt bakke med
mykje blankis, mätte vi sjå ~~for~~
ein ljetting på den eine meien
så ikkje sledane skulle renna
mot traktorun. Storparten av
reisen gjekk på fjorde gir. -
Planen var å taka ein obs. frå
ein fjellnatt austan for Gassner
spitze dagen etter, men ein
rekognoseringsstør viste at det
var uråd å koma oppå der,
og dei andre ^{laga} fjella var mindre
høvelige som observasjonsplassar.

15. mars. Get tok til å blåsa om
natta, og han auka til kvling.
Om dagen kvling, skya.

16. mars. Frisk bris - liten kvling.
Snøfok. - Litt skya.

17. mars Liten til stiv kvling.
Litt skya. Ca. $+23^{\circ}\text{C}$.

18. mars. Kvling. - Litt skya om
morgonen, overskya om kvelden.

19. mars. Frisk bris - liten kvling,
overskya

overskya og ljukt
20. mars. Liten kvling frå morgonen,
seinare stiv kvling.

21. mars. Kvling om morgonen. Vind-
spatning om ettermiddagen. Snø, fjell.

22. mars. Liten til stor kvling, skye

23. mars. Liten kvling, solkin. $\pm 20 - 25^{\circ}C$

24. mars. Overskyet, dårleg sikt, snø
 $\pm 12,7^{\circ}C$. Lite vind.

25. mars. Snø, skudd, betre sikt,
lite vind. Drag fram ein slede og
fentele til å leggja på heimreise,
men så oppdaga vi at det hadde
leki ut mykje ~~st~~ smørjeolje medan
traktorum stod og sveiv. Gyttrøyr
lita liede høgt og lågt, men
ikkje finna lekkasjen. Det kan
ha vori i dårleg pakning somme
med at traktorum stod nokre skakk
som gjorde at smørjedelene rann ut,
for nokre seinare - etter at traktorum
var flytt, - var han like lett att
- til all tulle.

26. mars. Oppklærning om natta

til den 26. mars. Overskyet om
morgonen, og oppklærning utover
dagen. Felle ikkje fagra opp traktorum
for stuld vinden. Sotkjølinga var
for stor.

27. mars. God sikt, ^{vindstyrken} opp i liten kvling.
Prøvde ikkje på å fagra traktorum.

28. mars. Skyet, stort sett godt vær.

Kjøade 26,5 km til om lag brett
på den store breen. Gyttrøyr og es
skiffest til å høyra traktorum.

40 l parafin, 1 bunt merkestenger



Kjøgra noksoi

mer nordlegaste odde ved Gessenur.
Finna lågaste partiet. Bratt mot aust
med sprekkar. Etter passering der

sovinga litt til venstre og køyde
på nordsida av sleinane på
breven lenger aust.

29. mars. Solskin, fint vær. Køyde
vel 28 km. Låg køyde. Tok opp
det laget som var sett med 1 km
søraust for den pyramiden med
0. La ned 40 l paraplu og 1 bunt
merkestenger på austsida av pyramiden
(Sjå føre sida) - Mätte snø eldren
med sledehuset på, for den ene
meien hadde gått sund under
køyvinga. Dette var den gamle
sleden fra Mandheim-ekspedisjonen.

D-677
Varde

Nære in kjem
frå aust risest
denne fyrst

E-678

30. mars. Skyg, godt vær. - Køyde
36 km til ein stad litt aust for
leirplassen 14. febr. ved pyramide.

31. mars. Skyg, stort sett godt vær,
men om morgonen litt vind, og det
tok tre timar å fyra opp braktøren.
Køyde 24,5 km.

Leger 30.3.


Pyramide
Sprekkar

Sprekkar

Retning
til Cumulus-
fjellet.

Flagg

1. april. Minimumstemperaturen om
natta $\pm 36,2^{\circ}\text{C}$. Fint vær, mykje
solskin. - Kjørde 18 km til hovuds
depotet. Kl. 12 var temperaturen
 $\pm 30^{\circ}\text{C}$.



Tok opp depota og samla dei. Det
hadde ikkje korni så mykje snø.

2. april. Godt vær. Solskin om morgonen,
seinare overskygga. - Sette sledehuset på
ny slede. Der eine oreian var
kult øydelagd. - Ordna ellers ymse
ting med fanke på heimreise
snarast råd. Det kan skjast med
ganske mykje i depot til neste
felttur, mv. a.:

- 9 ks. hindepennmikan
- 2 " speltk
- 20 " sledeproviand
- diisilolje
- parafin

Fikk ny radiokontakt med stasjonen.

3. april. Overskyet om morgenen,
men ganske stillt og fint. Utover
dagen aukar vinden til liten tørling.
Delvis oppklærning og nok vind-
spakning om ettermiddagen. -
Gjorde oss stort sett ferdige med
sett til heimreise.

4. april. Godt vær, kaldt. Traktoren
var vanskeleg å starte for stübed
kølden og litt vind. Det måtte
fyrast i linervis. Fyrst ved middagstid
lida var han i gang. Kjørd
10 km til flagg 56 (noko austafør).
Nr. 57 hadde blåsi ned. Sleng
var knekt.

5. april. Godt vær. Kaldt. - Kjørd
44 km til flagg 47. Eg kjørd traktoren
som gjekk i fjorde og femte gir.
Traktoren skal gå om mittene når været er

godt; og vi sparer då arbeidet og
lida med å starte han om morgonen.

6. april. Godt vær. - Kjørd 50 km
til 37 - stort sett i femte gir. Vi
finn ikkje alle flagga, sinnen har
blåsi ned.

7. april. Godt vær. - Kjørd 32 km
til flagg 31. Kom litt ut av kurs
ut par ganger og måtte snu på
gjenn av sprækker. Snøvordane vi
har kjørt framom var dårlege
no. - Ned den bratte bakken
der traktoren ligg i sprækken, sette
vi ein kjetting på eine meien i
sleden berget bak til brunse. Kjørd
med kaimar.

8. april. Fint vær. - Kjørd 43 km til
flagg 23 ved ut depot. Fjorde og femte
gir.

9. april. Skyer, godt vær fra
morgenen. - Kjørede 17 km til det
brue sprutkepartiet byja. Da måtte
vi stoppa for di det var så vanskeligt
bakkaljos at det ville vera isvaid i
sjå sprutkar. Fra flagg 20 kjørede
Gustöyr med kammur, og eg gjekk
føre og heldt tussen og såg etter
sprutkar. - Elles har eg kjørt
mest heile vegen, og Gustöyr
har selti i sledehuset. Eg har styrt
etter sol, småne, ^{helt} og skyer, helst skyer
låg ned, anten framme, på sides
eller bak. Det er vanskeligt å finne
nøt fast siklemerke å kjøra mot.
Det har gått ganske greit å finne
flagga. Sinne står eit stykke undan,
men med littkert går det som regel
godt å finne di når distansen er
kjørd. Flagga er svart slitne. Det
er berre ei smal stripe att immed

sona, og så har di farga av nokå
mykje. Sivardane er så små at
di mest ikkje visst så vi tykkjer
det er litt hjelp i di. - Om
ettermiddagen anten vinden til hiling.

10. april. Sterk hiling.

11. april. Fint vær. - Kjørede 21 km
til ein stad vel 1 km avslaf flagg
16. Fint var mykje dårlegare no
etter den siste hilingen, og det
vart nokå mange fastkjøringar
med vinsjing. I det brue sprutke-
området brast fem snøbiter under
kjøringa, men elles gjekk alt greit.
Folke på langt nær så mange sprutkar
var synlige no som då vi reiste
austover. Vi kjørede litt nordaf
den gamle rita.

12. april. Fint vær. - Kjørdi vel 21 km til eit plass 2 km aust for flagg 13.

13. april. Fint vær, Den kaldaste dagen på turen. Min. temp. $-39,6^{\circ}$ Kjørdi 24 km til flagg 3.

14. april. Fint vær. - Kjørdi 25 km til F og hadde dermed passert alle sprekkemrårda. - Føret har vori mykje dårlegare dei siste dagane. Det har lagt seg store, ljukke skavlar siste iversdagane (då vi låg aust for det brile sprekkemrårde), og di er endå ikkje harde nok til at traktorin fleyt oppå med det tunge lasset. I tillegg til alt vi hadde med frå Gruber, fekk vi over 1 tonn tinnkvepennikan, sledeproviand og ymnist amma på 10- og 5-mils depotet. Vi har sledehuset, og resten av lasta er

dela på tre andre sledar. Det har vorti nokå mange fastkøyringar i det siste, og det stel nokå mykje tid. - Sterk temperaturstigning om dagen, og om kvelden skya det over veldig fort.

15. april. Ei rask oppklaring tidleg om morgonen gar oss om om å nå stasjonen den dagen, men så skya det over like fort som det klårna. - Vi starta likevel. Det var då svart dårleg sikt, og vinden auka til kuling. Etter 2 km med jamne fastkøyringar i skavlane, måtte vi gjera opp.

16. april. Kuling, snø. Temperaturen så høg at issvillane på veggene finar, og soveposane vert våte, serleg så det fell ut i serga til Grytøgr.

17. april. Skiflande skydekke og vind-
styrke. Veret for dårlig til å kjøre
vidare. - Soveposene enda våtere.
Litt lettere ver om ettermiddagen.
Starta traktoren då og drog fram
sledene og skavlane som no var
svart store. Traktoren gjekk om
natta.

18. april. Skiflande skydekke, folleg
godt ver. Kjørde 35 km til Norway
Station. Kom fram noke før kl. 20.
- Nokre mange fastkjøringar. Løkte
ned ein slede 24 km og sledetrusket
16 km frå stasjonen. Elles hadde
vi ikkje komi fram den dagen.
Kjørde stort sett i tredje gir. På
slutten kjørde vi mot ein ljaskasse
som var sett opp på stasjonen.

Telegram till Ivalis.

25. nov. Riste 22dre Mykje
dårligare före no sikkert for skull
hög temperatur kom bene vel to
hur to fyrste dagane Seminar
verfaste Helsing

Sörlyos.

1958

11-12. mars. Ca. 20.30 fint sörlyos
i sør.



12.-13. mars. Ca. 21. svært lysveikt
sörlyos litt nord for sent.

16.-17. mars. Ca. 21.25 sörlyos lagt
i aust.

23.-24. mars.

4.-5. april kl. 21.10. R i sør.

5.-6. april kl. 19.50. Ljosvika R
i sør, (berre ein augneklukk).

12-13. april Ca. kl. 21. HA lagt
i sørøst.

